

VAKSDAL KOMMUNE
Konsul Jebsensgata 16
5722 DALEKVAMDato: 22.02.2017
Vår ref.: 2017/927-2
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 16/155 - 17/753

Høyringsmerknader til endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune

Vi viser til brev datert 31.01.2017, der kommunen høyrer på endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune. Vi har vurdert høyringsforslaget ut frå fylkeskommunen sitt hovudansvar på regionalt nivå for hjorteforvaltninga, primært i rolla som tilretteleggjar og koordinator.

Høyringsframlegget

Det er høyrte på endring av minstearealet frå 1500 dekar, som har vore i kommunen sidan 2001, til eit minsteareal på 1400 dekar for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal sitt areal på Osterøy, og 1000 dekar for resten av kommunen. Høyringsframlegget var til handsaming i Formannskapet som sak 12/2017 på møtet 30.01.2017.

Fastsetting av minstearealet er rekna som det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleik, (jf. rettleiar M-478 til Hjorteviltforskrifta).

Vurdering

For områda i Vaksdal kommune synest saka godt opplyst og vurderingane gode. Vi har difor ingen merknader til dei føreslåtte endringane i minsteareal for områda i Vaksdal. Vi ser likevel at Osterøy kommune, som samtidig høyrer på endring av minsteareal i Osterøy kommune, føreslår lågare minsteareal i områda mot kommunegrensa til Vaksdal enn kva Vaksdal kommune gjer. Kommunegrensa er uansett ikkje noko naturgitt grense mellom ulike minsteareal. For områda rundt kommunegrensa på Osterøy er det aktuelt å vise til hjorteviltforskrifta § 4 (Interkommunalt samarbeid) og forslaget om å ha heile Osterøy som eitt bestandsplanområde. For områda rundt kommunegrensa hadde det vore naturleg om kommunane hadde vurdert harmonisering av minstearealet før høyring. Kommunane kan likevel harmonisere fellingskvotane ved bruk av unntaksregelen (avvik frå minstearealet).

I 2016 godkjente Vaksdal kommune dei to kommuneoverskridande bestandsplanområda «Vaksdal-Evanger» og «Storfjellet». Kommuneoverskridande bestandsplanområde gjer at vurdering av minsteareal vert meir omfattande, då minstearealet i Vaksdal kommune vil gjelde også for vald utanfor kommunen som ligg i dei kommuneoverskridande bestandsplanområda. I høyringsframlegget er det vist at føreslåtte endring av minsteareal synest høveleg for valda utanfor kommunen, utan at vurderinga tek utgangspunkt i lokale forhold slik det er gjort for områda i Vaksdal kommune. Særleg for vald i Modalen kommune, synest difor vurderinga av storleiken på minsteareal noko «stemoderleg» i forhold til vurderinga for områda i Vaksdal, men den synest akseptabel no, tidleg i overgangen til kommuneoverskridande bestandforvaltning.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.